

Hemmelege avtalar og omdømet til Hareid

Mange har vendt seg til Folkelista med spørsmål om den hemmelege avtalen som fleirtalskoalisjonen i Hareid har inngått seg i mellom. Særleg etter at Folkelista tok opp saka som grunngeve spørsmål i kommunestyret rett før jul, har reaksjonane vore mange. ”Udemokratisk”, ”lite gjennomtenkt”, ”dårleg omdøme for Hareid”, ”alltid skal det vere noko spesielt med Hareid”, er reaksjonar som går att.

Vi synest det er positivt at ein i ”hestehandelen” etter valet ikkje berre vart samd om taburettar, men også knytte det saman med politikk. Det alvorlege er at fleirtalet har valt å halde løynt for innbyggjarane i kommunen kva praktisk politikk dei har vorte samde om. Ei viktig side ved demokratiet vårt er at det politiske arbeidet vert drive oppe, slik at veljarane kan kike dei folkevalde i korta.

Det som er heilt klart, er at dette ikkje er med på å gje Hareid eit godt omdøme som ein open og demokratisk kommune. Tvert i mot får kommunen stempel som det motsette, og det er ille. Etter år med kiv og strid, hadde Hareid ein historisk sjanse til å opparbeide seg eit betre renommé. Vi fekk ein ordførar som profilerte seg i valkampen med ord som: inkluderande, samlande, raus, lagspelar osv. Lat ikkje dette berre verte honnørord!

På konstitueringsmøtet i kommunestyret, sa ordføraren m.a.: ”Eg har tru på at vi skal få til noko i fellesskap. Eg har vore både fotballspelar og trenar, og eg veit at eit godt lag må ha samhandling. Vi må spele kvarandre gode, som Nils Arne Eggen seier.” Dette var kloke ord, men kva slags lagspel kan ein få til når halve laget ikkje kjenner strategien, for å bruke fotballterminologien?

Vi ser det stadig vekk, og seinast no i budsjettarbeidet. Den hemmelege avtalen ligg i botnen og vanskeleggjer det politiske arbeidet. Dersom vi visste kva som stod i avtalen, visste vi og kva vi hadde å halde oss til. No får vi gjerne debattar utan reelt innhald, fordi løpet er lagt på førehand.

Ein kan naturlegvis filosofere over grunnen til at avtalen vert halden hemmeleg. Det kan vere nærliggande å tru at element i avtalen vil setje einskilde parti i eit lite flatterande ljøs. Kanskje er dette noko som veljarane ikkje bør få innsikt i, slik fleirtalskoalisjonen ser det?

Med slikt hemmelegghald vert det politiske arbeidet ved fleire høve meiningslaust, og truleg vil kommunen til sjuande og sist verte skadelidande.

Folkelista for Hareid kommune